

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 08.12.2022

Sakliste

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE, EIVINDVIK BRYGGE AS
- SØKNAD OM SKJENKELØYVE, EIVINDVIK BRYGGE AS
- VAL AV GULEN UNGDOMSRÅD
- VALSTYRE
- RULLERING AV HANDLINGSPROGRAM 2023
- SAMARBEIDSAVTALE MELLOM GULEN KOMMUNE OG GULEN IDRETTSRÅD
- INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE-HØYRING
- EIGARSKAPSMELDING FOR GULEN KOMMUNE
- SØKNAD OM FORNYING AV SAMARBEIDSAVTALEN OM PRESTETENESTA I GULEN, SOLUND OG MASFJORDEN
- DRIFTS- OG INVESTERINGSRAPPORT 2022
- HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2023-2026 MED BUDSJETT OG GEBYR FOR -23.SLUTTHANDSAMING
- GODKJENNING AV MØTEBOK

Stad og tid

Brekkestranda Fjordhotel, Brekke kl. 10:00
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i
Innbyggarservice, og på nettsida:

www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum. Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal, Ordførar

Helsing frå ordføraren

Kjære alle.

Vi går no inn i adventstida, ei ventetid fram mot jula, ei viktig høgtid for mange av oss. I kyrkjeleg samanheng er dette starten på kyrkjeåret, og markering av Jesus sin fødsel.



Jula er også ei tid for å samle heile familien til samvær i ei elles mørk tid. Men for andre er dette ei tung tid, ein kan ha mist nokon som står ein nær, eller ein er einsam og har ikkje familie eller vener rundt seg. Vi har også mange flyktingar frå Ukraina her i

kommunen vår som må feire jula langt borte frå både heimland og familie, og som kanskje er engstelege for sine som er att i heimlandet.

Det er viktig at vi tek vare på kvarandre i denne tida, ta ein telefon eller besøk nokon du kjenner no fram mot jul.

For oss politikarar er adventstida travel. Vi må vedta eit kommunebudsjett for neste år. Kommunestyret sin jobb er å nytte dei midlane vi har til rådvelde til gode tenester for oss alle. Det er alltid slik at det ikkje er nok midlar til alt vi kunne ynskje oss. I år er det spesielt vanskeleg sidan det er sådd tvil om kva inntekter vi får neste år. Eg tenkjer på grunnrenteskatten på havbruksnæringa som no er ute på høyring.

Havbruksnæringa er ei særst viktig næring for vår kommune, og dei må ha rammevilkår der dei evnar å utvikle næringa vidare og skape nye arbeidsplassar. Dette ligg no ute på høyring, og Regjeringa har vore tydelege på at dei, i lag med oss i kommunane, skal finne løysingar som både næringa og kommunane kan leve med.

Så eg har tru på at kommunestyret også i år kan samle seg om eit godt budsjett for kommunen vår.

Eg vil få ynskje dykk alle ei fredeleg og god jul. Nyt helga i lag med dykkar nærmaste, og ta vare på kvarandre.

Helsing Hallvard Oppedal

Informasjon frå legekantoret

Byrknes legekantor er stengt i romjula. Det er lege i Eivindvik, med redusert bemanning, kun ope for øyeblikkeleg hjelp tysdag til fredag 8.00-15.30. Ynskjer helst ikkje reseptbestilling mellom jul og nyttår, viss ein kan ordne seg før er det fint. Ellers har legekantoret også mange corona hurtigtestar som ein kan hente på legekantoret ved behov.

Kunngjering

Handlings- og økonomiplan 2023-26 med budsjett og gebyr 2023.

Framlegg ligg til offentlig ettersyn ved Innbyggjarservice på kommunehuset og på nettsida til Gulen kommune.

Fram til og med **07.12.2022** er det høve til å kome med merknader til saka.

Merknader kan sendast til kommunen anten per e-post postmottak@gulen.kommune.no eller post:

Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Nytt system for helse og omsorg frå 01.01.2023

Frå 01.01.2023 skiftar helse og omsorg fagsystem til Visma Profil. I det nye systemet vert brev sendt ut digitalt til mottakarane. Dette vil seie at dei som ikkje har reservert seg mot digital kommunikasjon vil motta brev frå kommunen i si Digitale postkasse eller i Altinn. Dersom du har reservert deg mot digital kommunikasjon, i Kontakt – og reservasjonsregisteret, vert brevet sendt pr post.

På www.norge.no kan du lese meir om digital kommunikasjon.

Takk

Takk for minnegåve

Langtidsavdelinga ved Gulen sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva ifb med Svein Glenjen sin bortgang; hjarteleg takk.

Langtidsavdelinga ved Gulen sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva etter Sissel Bergitte Unneland.

Helsing nestleiar/avd.spl Sissel Kvame/
einingsleiar Nina Haveland

Takk for julegåve

Bebuarar og tilsette ved demensavdelinga på Gulen sjukeheim vil med dette, takke for generøs julegåve frå Einar Sjalg Unneland. Gåve vil bli nytta til ekstra kos i julehøgtida, tusen takk.

Helsing avd.spl. Brita Eidnes og einingsleiar
Nina Haveland

Helsing frå beredskapsleiinga i Gulen kommune

Som innbyggjar i Gulen kommune skal du føle deg trygg. Eit av hovudmåla i beredskapsarbeidet er å vere førebudd på kriser. Det betyr at vi raskt får i gang dei handlingar som må til for at krisehendingar i minst mogleg grad skal påverke oss.

I samband med at vi nettopp har sett fokus på kvar einiskild sitt eigen-beredskapsansvar, har vi fått signal om at de treng å få vite meir om korleis vi arbeider for å ivareta tryggleiken i kommunen.



Gulen kommune har ein eigen beredskapsplan. Den skildrar kven som har ansvar for å gjere kva, ved eventuelle kriser. Vi arbeider kontinuerleg for å vurdere om denne er god nok for å møte dei utfordringane som til ei kvar tid ligg i samfunnsendringane. Omlag ein gong i året blir denne planen lagt fram for kommunestyret. Planen regulerer alt frå kven som skal kontaktast ved uventa hendingar, korleis dei ulike hendingane skal handterast og kva vi gjer av førebunde handlingar for å unngå at vi blir råka av kriser.

Kommunen har utarbeidde retningslinjer for alle tenkelege og nesten utenkelege kriser. Retningslinjene er tilpassa dei ulike typetilfella (Døme: Ras, brann, ulykker, vegstenging, pandemiar, atomforureining osv.). I tillegg har vi jamleg samarbeidsmøte med politi, sivilforsvar, brannsjef, næringsliv, redningssselskap,

frivilligheita og ulike leverandørar som til dømes straum/nettleverandør. Vi har rammeavtalar for dei tilfelle vi raskt treng å hente inn spesialkompetanse.

Gulen kommune har eit psykososialt kriseteam som har til oppgåve å hjelpe menneske i akutte situasjonar som rammer liv og helse i alvorleg grad. Det psykososiale kriseteamet består av fagpersonar innan helse og omsorg. Dette profesjonelle teamet er hurtigarbeidande og kjapp på plass om det er naudsynt. Det Psykososialt kriseteam blir kontakta av kriseleiinga, legevakt eller andre nødinstansar når det er behov for deira teneste.

Når det gjeld kommunikasjonen ut mot kvar einskild av dykk, så har vi her òg gode planer for korleis vi skal nå ut - anten aleine eller i samarbeid med andre – om krise skulle skje. Kommunen har eigne nødnett og satellitt-telefonar for å kunne hente inn nødvendig informasjon og hjelp.

På vår nettside www.gulen.kommune.no, finn du beredskapsplanen til kommunen og dei nødvendige telefonnummer for å varsle om kriser. Planen har eit eiga kapittel som syner korleis vi vil arbeider for å få korrekt informasjon ut til innbyggjarane så hurtig som det let seg gjere.

Om de har moglegheit ynskjer vi at de enten aleine eller saman med nokon, ser på beredskapsplanen, og gjerne skriv ned dei telefonnummer som skal brukast for dei ulike situasjonen. I denne utgåva av infoposten har vi òg prioritert å få budskapen ut på fleire språk.

Informasjon om teleutfall på norsk, ukrainsk, polsk og engelsk

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute er det viktig at de som innbyggjarane kjenner til at det finst alternativer dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp.

I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke nødnettet. Nødnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesten og andre aktører med eit nød- og beredskapsansvar.

I Gulen kommune har desse personane tilgang til nødnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordførar, kommunedirektør

I tillegg et det stasjonert eit nødnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik – på Gulen sjukeheim).

Ved krisehendingar vil Gulen kommune informere på nettsida www.gulen.kommune.no og i særskilte tilfeller gjennom SMS varsling.

У муніципалітеті Гюлен ми іноді стикаємося з певними частинами муніципалітету, які відчувають повні перебої в телекомунікації. У ситуаціях, коли стаціонарні телефони, мобільні телефони та оптоволоконна мережа/Інтернет недоступні, важливо, щоб мешканці знали, що є альтернативи, якщо вони опиняться в небезпечній для життя ситуації та потребують допомоги.

У таких ситуаціях зазвичай все ще можна використовувати мережу екстреної допомоги. Нødnett — це закрита мережа надзвичайних ситуацій для поліції, пожежної охорони, охорони здоров'я та інших учасників, відповідальних за готовність до надзвичайних ситуацій.

У муніципалітеті Гюлен наступні люди мають доступ до мережі екстреної допомоги:

- Особовий склад пожежно-рятувальних служб
- Лікарі
- Мер, муніципальний директор

Крім того, у кожному центрі медсестринства та догляду (Eivindvik - Gulen Sykeheim) було розміщено пристрій екстреної мережі.

У випадку кризи муніципалітет Гюлена сповістить про це на веб-сайті www.gulen.kommune.no, а в особливих випадках за допомогою SMS-повідомлень.

Tłumaczone z norweskiego

W gminie Gulen zdarza się od czasu do czasu, że w niektórych jej częściach całkowicie zanika łączność telefoniczna.

W sytuacjach, kiedy nie działają telefony stacjonarne, sieć komórkowa ani światłowody/Internet, ważne jest, żebyście wy jako mieszkańcy wiedzieli, że istnieją inne alternatywy, gdybyście znaleźli się w sytuacji zagrożenia zdrowia lub życia i potrzebowali pomocy.

W takich sytuacjach będzie najczęściej nadal możliwe korzystanie z kryzysowej sieci łączności (nødnett). Jest to zamknięta sieć łączności

kryzysowej dla policji, straży pożarnej, służby zdrowia i innych instancji odpowiedzialnych za bezpieczeństwo publiczne i w wypadku wystąpienia sytuacji kryzysowych.

W gminie Gulen następujące osoby mają dostęp do sieci łączności kryzysowej:

Personel służb przeciwpożarowych i ratowniczych
Lekarze

Burmistrz, szef administracji gminnej i jego zastępca

Oprócz tego każdy ośrodek mieszkalno-opiekuńczy posiada aparat sieci łączności kryzysowej (w Eivindvik – w domu opieki Gulen sjukeheim).

Przy zdarzeniach kryzysowych gmina Gulen będzie informować mieszkańców o sytuacji na swojej stronie internetowej

www.gulen.kommune.no, a w sytuacjach szczególnych - poprzez ostrzegawcze SMS-y.

Emergency Network

In Gulen we occasionally experience that part of the municipality lose telecommunications.

When this happens, it will still be possible to use the Emergency Network if you are in a situation where your life or health is in danger. This network is a closed emergency network that is used by the police, fire department, healthservices, and by a few other people who have a special responsibility in case of an emergency situation.

In Gulen municipality the following groups/people have access to the emergency network:

- Firemen
- Doctors
- Mayor, municipal executive

In addition, you will find one network terminal stationed at each of our senior centers (in Eivindvik – at Gulen sjukeheim)

In case of emergency, Gulen municipality will provide information on the official website www.gulen.kommune.no and in special situations by sending out text messages.

Bua Gulen ved Dalsøyra Samfunnshus har ope torsdag 17.00-18.30.



Gå inn på www.bua.io og registrer deg som brukar. Er du under 18 år må ein føresett registrere deg som medlånar.

Sjå kva vi har: Søk på Bua Gulen Utlånsordninger og klikk på finn utstyr.

Ta kontakt på mobil 90 10 41 39 om det er spørsmål.

Annonse



Drøyer du om ny og lettstelt leilighet med garasje plass, heis og havutsikt?

Byrknes Panorama har 17 sjølleigar leiligheter, som kjem på plass i løpet av 2024/25.

- Bueiningane er delt på to bygg, med garasjelegg og heis. Det er kort avstand til butikk, barnehage og skule, med tilrettelagt gang- og sykkelveg.
- Leilighetane i Nedgardsvika har funksjonelle planløsningar med livsløpsstandard, gode kvaliteter med variasjon i storleik og innhald.
- Felles for leilighetene er balkong, mykje lys frå store vindauge, god takhøgde, parkett, kvalitetskjøkken og fliser på bad.
- Felles park, leikeplass, holmar og hav er rett utanfor stoveglaset.
- Her er noko for ein kvar smak og menneske i alle livsfaser.



Interessert? Sjå meir om prospektet vårt på Facebook, og ta kontakt med Susanne Fønnes Larsen, mob. 99205946, susanne.larsen@byrknespanorama.no



BYRKNES PANORAMA

Heim til havet